

**Protokoll**  
**Regionrådet Nordhordland – fredag 10. mai 2019**

**Møte:** 3-2019  
**Tid:** Fredag 10. mai kl. 09:00 - 14:30  
**Stad:** Dampen, auditoriet, Hagellia 6, Knarvik

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Per Lerøy, Hallvard Oppedal, , Øyvind Oddekalv, Jarle Skeidsvoll, Astrid Aarhus Byrknes, Jostein Borlaug, Jon Askeland (frå kl. 12:00), Roy Asle Klungland
<b>Rådmenn:</b>	Jarle Landås, Martin W. Kulild, Nils Moldøen, Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen Olav Mongstad,
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Tonje Husum Aarland, Bent Gunnar Næss (sak 26/19)
<b>Andre:</b>	Sak 27/19: Vivian Kårbø, Inge Alvær, Helge Korneliussen, Inger Johanne Ektvedt Sak 28/19: Øivind Olsnes Sak 29/19: Berit Angelskår, Marianne N. Solbakk
<b>Forfall:</b>	Tom Kristian Thorsen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Reidun Halland

Sak 24/19	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 25/19	<b>Godkjenning protokoll møte 2-2019</b> Møteprotokoll frå møte 2-2019 vart godkjent utan merknadar.
Sak 26/19	<b>Utviklingstrekk og nøkkeltal for regionen</b> Bent Gunnar Næss presenterte utviklingstrekk og nøkkeltal for folketal og sysselsetjing, og korleis vår region ligg an samanlikna med andre regionar, fylket og landet. Tal frå SSB visar at det vert fødd færre barn både i Nordhordland og i landet elles. Det er om lag 45 000 innbyggjarar i Nordhordland i dag, og veksten har stoppa opp. Framover vil ein få auke i den eldre befolkninga. Arbeidsledigheita er låg og andel sysselsette går opp. Det har vore 3 % vekst i sysselsette sidan 2015. Veksten i arbeidsplassar er lågare i Hordaland samanlikna med andre fylke. 45 % av veksten i arbeidsplassar skjer i Oslo og Akershus. Hordaland er 3. størst i tal arbeidsplassar(10%) og 5 størst i vekst tal arbeidsplassar.  Deretter kommentarar og dialog i rådet. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det vart påpeika at det er forskjell i statistikken innad i Nordhordland, og at veksten er i sør og særleg i Meland.</li> <li>▪ Korleis kan ein få til auka næringsutvikling og auke i arbeidsplassar i vår region? Helsehuset er under utvikling og har stort potensial til å kopla saman forskning, utvikling i regionen. Også Mongstadorrådet er under utviding.</li> <li>▪ Korleis kan regionen utvikla seg til å vera attraktiv både som arbeids- og buregion? Mongstad i nord og Bergen i sør, er motorane for å sikra arbeidsplassar for dei som bur i Nordhordland.</li> <li>▪ Lokale bedriftseigarar er viktige i utviklinga av lokale arbeidsplassar, og det å høyra til regionen skapar auka engasjement.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nærleiken til Bergen gjev både fordelar og ulemper, og regionen sine fortrinn er mellom anna at Nordhordland har varierte tilbod og både urbane og landlege buforhold.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 27/19	<p><b>Informasjon om arbeidet med fleire læreplassar</b> Vivian Kårbø frå NONL og Inge Alvær, Helge Korneliussen og Inger Ektvedt frå ressursgruppa informerte om arbeidet med fleire læreplassar (vedlegg). Ressursgruppa består av pensjonistar som hjelper ungdom i overgangen frå skule til arbeid/læreplass.</p> <p>Det er god utvikling i tildeling av læreplassar pr. 1. mai 2019, og prognosen er at 80 – 90 % av kandidatane har fått læreplassar før sommaren. Rapporten om «Kompetanse og utdanning i Nordhordland» trekk mellom anna fram at det vil vera trong for 21-27 nye helsefag-arbeidarstillingar i året framover. Læreplassgaranti kan vera ein måte for kommunane å sikra framtidig behov. Vidare kan praksisplassar vera eit tiltak for å gje ungdom breiare engasjement - og la dei få prøva seg i yrke, men det er viktig å sikra gode ramar kring praksisordninga.</p> <p>Deretter kommentar / dialog frå rådet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunane ønskjer å ha eigne forpliktande avtalar for å sikra tettare oppfølging med administrasjonen. Det er likevel viktig at kommunane snakkar saman, og samkjører med omsyn til svingingar i tal elevar/læreplassar (behov).</li> <li>Kommunane opplever at det er politisk engasjement kring denne problematikken.</li> <li>Deling mellom offentleg og private (t.d. 50/50) er ein moglegheit, og opplæringskontoret administrerer liknande ordningar allereie i dag.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande. Regionrådet ønskjer at det vert gjort avtale om forpliktande læringsplass med kvar enkelt kommune.</p>
Sak 28/19	<p><b>Ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift</b> Øivind Olsnes orienterte om ny «Kontrollutvals- og Revisjonsforskrift» (vedlegg).</p> <p>Ny kommunelov vart vedteken i 2018 og trer i kraft frå 01.01.2020, eller ved oppstart av valperioden 2019-2023. Ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift skal erstatta dagens to forskrifter; Kontrollutvalsforskrifta og Revisjonsforskrifta. Forskrift for kontrollutval og revisjon har vore på høyring, og endringar i revisorlova er under arbeid.</p> <p>Særskilte endringar som gjeldt kontrollutvalet er bl.a. at det skal vera minst 5 medlemmar og der minst eit medlem sit i kommunestyret, og leiar kan ikkje vera frå posisjonen. Det er viktig å sikra at kontrollutvalsmedlemmer har brei kompetanse og får naudsynt opplæring. Det er ikkje lovpålagte krav til medlemmene, men reglar kring valbarheit med tanke på habilitet og uavhengighet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 29/19	<p><b>Informasjon frå «Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest».</b> Berit Angelskår og Marianne N. Solbakk informerte om «Kunnskapskommune Helse Omsorg Vest» og korleis ein jobbar for å innretta tenestene slik at ein får til forskning og kunnskapsutvikling (vedlegg).</p> <p>11 kommunar inkl. Bergen kommune er med i samarbeidet, samt at 18 partar er organisert i styringsgruppe og faggruppe. Bergen kommune er koordinator. Kunnskapskommunen jobbar for å knyta forskingsmiljø og partnerar saman for å møta behova for «nytte»-forskning. Mellom anna har dei utarbeid ulike skjema og jobbar for å vera ein aktiv brubyggjar.</p>

	<p>NIFU-rapporten Forsking og innovasjon som omhandler kommunale helse- og omsorgstjenester og rapporten HelseOmsorg21, er viktige bakgrunnsdokument. Det er laga ein plan for kunnskapskommunen som har vore vesentleg i satsinga.</p> <p>Ein kunnskapskommunekonferanse vert arrangert kvart år, og er i år 18. juni. Konferansen skal vera ein felles arena for partane i Kunnskapskommunen. I 2019 er det særskild fokus på innovasjon. Det vert også delt ut ein eiga Forskings- og innovasjonspris.</p> <p>Alrek helseklynge er eit samarbeid mellom fleire aktørar og har primærhelseteneste og folkehelse som fokus. Kunnskapskommunen kan mellom anna nyttast som ein kanal inn mot helseklynge og samarbeid.</p> <p>Det pågår fleire prosjekt, mellom anna forskingsprosjekt. Det er særskild fokus på forskingsbasert innovasjon.</p> <p>Meir informasjon finn ein her:  <a href="https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunnskapskommunen/10451">https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunnskapskommunen/10451</a></p> <p><b>Vedtak:</b>  Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 30/19	<p><b>E39 og bomstasjonar</b></p> <p>Sak vedr. at Bergen kommune har vedtatt å flytta bomstasjon frå Vågsbotn til Nordhordlandsbrua vart handsama. Jon Askeland gav fyrst bakgrunnsinformasjon for at Bergen kommune ynskjer dette.</p> <p>Regionrådet reagerer på den manglande dialogen frå Bergen kommune si side vedr denne saka. Dette er veldig krevjande for regionen, bl.a. grunna at ein no nærmar seg tidspunktet bommane kjem opp i Nordhordlandspakken, og at då pakken vart vedtatt, var det ikkje snakk om ein ytre bomring i Bergen.</p> <p>Regionrådet har forståing for dei utfordringane bomringen lagar i Åsane men samtidig flyttar ein problemstillinga over til Nordhordland. Regionrådet meiner bompengnivået er negativt allereie i dag gjennom Nordhordlandspakken, og ytre bomring i Bergen. Flyttinga av bomsnitta i Vågsbotn til Nordhordlandsbrua gjer dette ytterlegare negativt for kommunane og innbyggjarane i Nordhordland. Dette betyr at endå fleire må betala, t.d. handlande til Brurås, Hylkje og tilsette ved t.d. Bergen Engines. I tillegg vil ein få bomstasjonar på begge sider av Nordhordlandsbrua noko som ikkje er ynskjeleg.</p> <p>Ulike problemstillingar og moglege løysingar vart drøfta. Regionrådet bestemte seg for å få til eit møte med byrådsleiar så snart det let seg gjera.</p> <p><b>Vedtak:</b>  Regionrådet oppfordrar eigne kommunar om å ta debatten internt i parti og kommunestyre framover. Regionrådet vil vidare ta initiativet til snarleg dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune der tema vil vera vil flyttinga, og bl.a. korleis E39 Vågsbotn – Klauvaneset kan prioriterast, forserast, finansierast og framtidige moglegeheiter for samordning av bomsnitt / bompakkar på tvers av kommunegrenser.</p>
Sak 31/19	<p><b>Faste orienteringssaker:</b></p> <p><b>Status Region Nordhordland Helsehus</b></p> <p>Orientering om status var gitt i styreseminar med Helse Bergen 8. mai. Framdrifta i prosjektet er god og i rute.</p> <p>Andre orienteringar utgjekk.</p>

Sak 32/19	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Søknad frå MUHO om årleg støtte i samband med søsterbyavtale med Fergus Falls (vedlegg)</b>          Utvalet for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling peiker på at dette er ein forpliktande søsterbyavtale, etter internasjonale kriterier for slike avtalar, inngått i 2007. Formålet er å bidra til mellommenneskeleg forståing og utveksling for fredskapande arbeid. Utvalet meiner at komiteen bør ha eit lite budsjett som «botnfinansiering» for å få opp gode tiltak, og tilrår at Regionrådet vedtar å støtta MUHO og søsterbykomiteén med ein årleg støtte på kr. 20 000. Om komiteen har større prosjekt bør Regionrådet vida til andre støtteordningar.</p> <p><b>Vedtak:</b>          Regionrådet vedtar å støtta MUHO og søsterbykomiteén med ein årleg støtte på kr. 20 000. Om komiteen har større prosjekt viser Regionrådet til andre støtteordningar.</p>
	<p><b>Søknad på vegne av fotograf Arne Aarseth i samband med foto og bokprosjekt</b>          Dagleg leiar la fram mottatt søknad frå Nordhordland Næringshage på vegne av fotograf Arne Aarseth i samband med foto og bokprosjekt (vedlegg). Prosjektet vil bestå av ein bokdel og ei utstilling slik det står skildra i innsendt søknad. Frå Regionrådet i Nordhordland vert det søkt om støtte til gjennomføring av ei mobil utstilling av 100-åringane i kommunane i Nordhordland, og som kan flyttast rundt til utvalde stader i regionen. Sjølv bokdelen skal dekkast av fotograf Arne Aarseth sjølv.</p> <p>Dagleg leiar viste til det ikkje er sett av midlar til denne type søknadar i Regionrådet / NUI , og ber derfor Regionrådet vurderer om dette er eit prosjekt kommunane samla ynskjer å støtta. I såfall må NUI henta inn midlar frå kommunane særskilt.</p> <p><b>Vedtak:</b>          Regionrådet har ikkje sett av midlar til denne type søknadar, og kan derfor ikkje støtta søknaden. Regionrådet ser heller ikkje at dette er eit prosjektet dei kan støtta gjennom eit samarbeid på tvers av kommunane.</p>
	<p><b>Paris 19. juni</b>          Dagleg leiar minna om invitasjonen som er gått ut til ordførarane om å vera med til Paris i samband med utnemninga til Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Arbeidsgruppa og leiar av styringsgruppa skal reisa med tog til Paris, og reisa startar med nattoget frå Bergen til Oslo søndag 16. juni.</p>

Knarvik, 10. mai 2019

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
 Leiar  
 Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
 Dagleg leiar  
 Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 26/19 Presentasjon, Region Nordhordland – nøkkeltal 2018 og utvikling
- Sak 27/19 Sak om læreplaner i kommunane i Regionrådet i 10. mai
- Sak 27/19 Samarbeidsavtale mellom xx og Austrheim, Knarvik og Osterøy vidaregåande skular
- Sak 28/19 Presentasjon, Ny kontrollutval og revisjonsforskrift
- Sak 29/19 Presentasjon, «Kunnskapskommunen. Helse Omsorg Vest»
- Sak 32/19 Brev frå Venneforeininga ved Vestnorsk Utvandringssenter
- Sak 32/19 Sak vedr søsterbyavtalen med Fergus Falls
- Sak 32/19 Søknad til fotoprojekt Arne Aarseth - utfyllande
- Sak 32/19 Søknad til fotoprojekt Arne Aarseth - projektskildring